

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 20.04.2007
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka 2007 (IS-2-2007)**

Arkivsak

2006/94/123

Styresak 048/07 B

Styremøte 23.05. 2007

Bakgrunn:

Helse Vest RHF har den 2. april 2007 motteke Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka for 2007.

Kommentarar:

Sosial- og helsedirektoratet har ei viktig oppgåve knytt til å setje i verk nasjonal helsepolitikk.

Helse- og omsorgsdepartementet ber i tildelingsbrev direktoratet bidra til å handtere sentrale innsatsområde innan spesiallisthelsetenesta. Løysing av oppgåvene krev også samarbeid med dei regionale helseføretaka.

Sosial- og helsedirektoratet har samanfatta dette i eit årleg brev til dei regionale helseføretaka. I brevet er det gitt ei oversikt over og gjort greie for kva område Sosial- og helsedirektorat vil söke samarbeid på i 2007.

Forslag til vedtak:

Styret tar Sosial- og helsedirektoratet sitt årlege brev til dei regionale helseføretaka, IS-2-2007, til etterretning.